

Oslo, 31.05.2021

Modalen kommune  
Postboks 44  
No-5732 Modalen

Dykkar ref:

Dykkar brev av:

Vår ref.:

Ruth Farnes

Vårt brev av:

**Kommunehus/Samfunnshus, Gnr 76 Bnr 20, Modalen**  
**SØKNAD OM OPPFØRING AV PUMPEHUS**

I samband med oppføring av det nye Kommunehuset/Samfunnshuset, viser det seg at det ikkje er god nok kapasitet til sløkkjevavn på det kommunale anlegget, og det må derfor setjast opp eige uthus med vassstank for dette.

Tomtesituasjon med nærleik til veg, det nye Kommunehuset/Samfunnshuset, framkomst for brannbil og parkeringsanlegg, gjer at bygget må plasserast med bakveggen mindre enn fire meter frå nabogrensa. Plasseringa av bygget har medført ein reduksjon på 133m<sup>2</sup> BYA til parkering, dette i forhold til søknaden på Kommune/samfunnshuset (innsendt 19.08.2020)

Tiltaket har eit samla areal av pumpehus og søppelrom med BYA på 103m<sup>2</sup>, der søppelrom utgjør åpent areal med BYA på 11,5m<sup>2</sup>. Det kan derfor ikkje definerast som mindre tiltak. Bygget er gitt bygningstypekode «Anna» (216 – Bygning for vassforsyning)

Byggets oppdeling i to mindre volum, samt plassering, er gjort med omsyn til siktlinjer frå dalføret og ned mot sjøen, og for å oppnå størst mogleg plass mellom pumpehuset og det nye Kommunehuset. Det er stor avstand til nærmaste bygg på naboeigedomen, og slik situasjonen er, meiner vi det er større fordelar enn ulemper å gje dispensasjon.

Nabovarsel for pumpehuset blei sendt rekommandert 12.05.21 til alle som er naboar i samsvar med plan- og bygningsloven. Til nabo ved eigedom gnr76 bnr2 vart det, som tillegg til nabovarsel, vedlagt utkast til avstandserklæring. Ansvarleg søkjar, v/ HRTB AS Arkitekter, har ikkje motteke merknader til nabovarsel.

Det er erklært ansvarsrett berre for dei føretak som har relevante arbeid i forbindelse med rammesøknaden. Samsvarserklæringar er motteke frå prosjekterande. Gjennomføringsplan versjon 1 blir vedlagt.

**Søknaden har fylgjande vedlegg:**

Fylgjebrev (dette brevet)

A1 – Søknad om løyve til tiltak

A2 – Opplysningar om tiltakets ytre rammer

B1 – Dispensasjon ved pumpehus (vedlagt nabovarsel)

C1 – Opplysningar gitt i nabovarsel

C2 – Kvittering nabovarsel 210504

C3 – Avstandserklæring gnr 76 bnr 2 (vedlagt nabovarsel til eigar av gnr/bnr: 76/2)

D1 – A10-3 Situasjonsplan, datert 12.05.21 (vedlagt nabovarsel)

E1 – A40-102 Fasader Pumpehus, datert 12.05.21 (vedlagt nabovarsel)

E2 - A22-104 Plan Pumpehus

G1 - Gjennomføringsplan versjon 01, datert 31.05.21

G2 - Erklæring om ansvarsrett, HRTB AS Arkitekter (PRO Arkitekturprosjektering)

For å halde framdrifta på byggeplassen, håpar me atter ei rask behandling av søknaden. Skulle det vera behov for meir informasjon, ver venleg og ta kontakt med undertekna.

På førehand takk.

Helsing frå  
HRTB A/S Arkitekter MNALRuth Farnes  
M +47 926 88 412  
[rfa@hrtb.no](mailto:rfa@hrtb.no)